



Bente Ohnstad
Slettevegen 170 A
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13937 - 20/56714

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
10.09.2020

Løyve til omdisponering og deling etter jordlova - GBNR 463/3,12 Marås


Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Saka gjeld [sett inn det som passar for type sak]

Det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanen og løyve til frådelling av eit om lag 1,1 dekar stor parsell på landbrukseigedomen gbnr 463/3 Marås. Formålet med delinga er arealoverføring til bustadeigedomen gbnr 463/12. Parsellen skal nyttast til oppføring av garasje og utviding av hagearealet. Totalarealet på gbnr 463/12 vert 2 dekar etter gjennomført deling og arealoverføring.

Situasjonskart :



Landbrukseigedomen GBNR 463/3 Marås :

Innmarka på eigedomen vert hausta av andre. Eigar av eigedomen bur på fråskilt tomt, Slettevegen 168. Eigedomen har ifølgje Nibio sitt gardskart eit totalareal på 46,1 dekar. Av dette er 11,2 dekar fulldyrka-/overflatedyrka jord. Vidare er det 6,4 dekar innmarksbeite, 18,7 dekar produktiv skogsmark, 7,5 dekar anna utmark og 2,3 dekar veg/bygg/tun.

VURDERING:

Jordlova § 12 Deling

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Vedtaksmynde er overført til kommunen og fylkesmannen er klageinstans.

Ved avgjerd om samtykke til deling skal gjevast, skal det leggast vekt på om

- delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane,
- om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området.
- Det kan leggast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.
- Sjølv om det etter førre avsnitt ikkje ligg til rette for å gje samtykke til deling, kan samtykke gjevast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Landbrukssjefen si vurdering etter § 12 i jordlova :

Det aktuelle arealet er verken dyrka eller vurdert som dyrkbart. Såleis har arealet i seg sjølv liten verdi for landbruket.

Bustadtomta gbnr 463/12 og det aktuelle arealet som skal overførast, ligg på ei høgde ovanfor storparten av innmarka. Arealoverføringa vil såleis ikkje medføre driftsmessige ulemper for landbruket i området.

Konklusjon :

Det vert gjeve løyve til frådelling av ein parsell på om lag 1100 m² på gbnr 463/3 med formålet arealoverføring til gbnr 463/12 Marås.

Regelverk

Det vert søkt om frådelling på ein landbrukseigedom. Då krevs det eit løyve etter § 12 i jordlova. Der aktuelle arealet er ikkje dyrka eller dyrkbart. Såleis trengs det ikkje løyve etter § 9 i jordlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Gebyr

Ifølgje Alver kommune sitt gebyrregulativ er for tida deling etter jordlova gebyrbelagt med kr 2000,-

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at

klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/13937»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Bente Ohnstad

Slettevegen 170 A

5936 MANGER